


eHjerteRehab

Nyhetsbrev eHjerteRehab – Sommar 2024


“Visjonen til eHjerteRehab er å gjøre hjerterehabilitering tilgjengelig for alle.”

I starten av desember 2023 hadde prosjektet eHjerteRehab ein skikkeleg «Kick-off» og oppstarten av prosjektet var offisielt i gong. [Les gjerne meir om denne vellukka dagen om arrangementet.](#) Sjølv om prosjektet har vore under arbeid i ei lengre tid, var det den offisielle starten på det prosjektet som er finansiert av Noregs Forskingsråd (NFR). Prosjektet er leia av professor Tone M Norekvål, prosjektperioden er frå 2023 – 2027 og har eit budsjett på totalt 24 millionar (16 millionar frå NFR). Les gjerne meir om prosjektet på [nettsida vår](#). Følg oss gjerne på X/Twitter og Facebook.



Kva har skjedd sidan sist?

- Prosjektkoordinator og postdoktor Trond Røed Pettersen har delteke i webinar-seiren til Nasjonalt senter for e-helse forskning om digital heimeoppfølging, saman med arbeidspakkeleiar Leonora Bergsjø. Saman belyste dei tematikken digital etikk. Her kan du sjå [webinaret](#) og [podkasten kan du laste ned på mobilen her](#).
- Me arbeider med første fase av prosjektet og skal denne hausten i gong med uttesting, såkalla feasibility, av det digitale heimerehabiliteringsprogrammet. I forskingverda er det ein viktig fase for å teste ut i kva grad prosjektet er gjennomførbart og kan lukkast i ein større skala. Har du lyst å lære meir om feasibility-studier så kan du sjå [denne videoen kor professor Sandra Eldrige forklarar](#):
- Prosjektet har ein stipendiat som er i gong med sin del av prosjektet. Møt Kristin J Ramstad i portrettintervjuet.



Portrettintervju med Kristin J Ramstad



Kan du fortelje litt om deg sjølv?

Eg heiter Kristin Johnsen Ramstad, er 40 år gammal, gift og mamma til to. Eg tok mi sjukepleiarutdanning ved Betanien Diakonale Høyskole i Bergen, og var ferdig utdanna sjukepleiar i 2007. Eg hadde medisinsk praksis ved Hjartepost 1syd 2vest på Haukeland universitetssjukehus. Dette var ein spennande og lærerik praksis, så eg har vore tilsett ved avdelinga sida dette. Hjartesykje er eit spennande fagfelt som eg ynsket å fordjupa meg meir i, så i 2015 var eg ferdig utdanna spesialsjukepleier i kardiologisk sjukepleie, og i 2021 leverte eg masteroppgåva mi i klinisk sjukepleie - kardiologi. Eg har i tillegg til å jobbe på sengepost, vore studiesjukepleier i fleire studiar ved Hjarteavdelinga på Haukeland før eg no starta som doktorgradsstipendiat.

På fritida likar eg å være med familien min. Eg er glad i å være ute i naturen, og går mykje turar på toppane i nærområdet både utan og med familien på slep. Dei siste åra har eg òg blitt heilårsbadar, og snø og regn er ingen hindring.

Kva vert di rolle i prosjektet? Kva har du vore involvert i til no?

Eg har vore så heldig at eg har vore med i frå starten med utviklinga av eHjerteRehab. Eg har blant anna fått være med å utarbeide tekstinnehald i

programmet, og ikkje minst har eg deltatt i samskapingprosessen med brukarrepresentantane i eHjerteRehab. Mi rolle i prosjektet er å jobba tett med brukarane gjennom å arrangere samskapingssesjonar kor vi får viktige tilbakemeldingar på innhald i, og utviklinga av, programmet. Eg er òg med på arrangere work-shop'ar med brukartesting av programmet. Framover vil eg òg være med å bidra i feasibility-studien i eHjerteRehab.

Kan du fortelje litt kva det er og kva du skal gjere som stipendiat?

I november 2023 starta eg opp i ein 4-årig doktorgrads stipendiatstilling (75%) ved Institutt for helse- og omsorgsvitskap ved Høgskulen på Vestlandet, campus Bergen. Som stipendiat er eg så heldig at eg får jobbe med å fordjupa meg i, og forske på, eit tema som eg syns er svært interessant og viktig å få meir kunnskap om. Mitt doktorgradsprosjekt har fått tittelen 'eHelsekompetanse og medikamentetterleving etter perkutan koronar intervensjon (PCI)'. I løpet av stipendiatperioden skal eg gjennom ulike kurs tileigne meg kunnskap for å kunne nytte ulike metodar i prosjektets delstudiar. Desse multiple metodane skal eg så nytte for å utforska, beskriva og evaluera eHelsekompetanse og medikamentetterleving hos pasientar som har gjennomført utblokking av kransarteriane til hjartet, og evaluera implementering av medikamentmodulen og intervensjonar for å styrkje deltakaranes eHelsekompetanse i eHjerteRehab.